

	<b>Statens vegvesen</b> <b>Møre og Romsdal</b> <b>Laboratorieseksjonen</b>		HOVUDARKIV: 46.010.01					
			OPPDRAG: Nr 94.120					
			LAB.ARKIV: FV 10				HP 01	
			KOMMUNE:					
			KARTREFERANSE:					
<b>TITTEL: SYNFARING ETTER NEDFALL AV STEIN PÅ FV 10/01 CA KM 7,0</b>								
SAKSBEHANDLAR: Overingeniør Kåre Ingolf Karlson						RAPPOR NR.		
KONTAKT: Vegmeister Johan Nybø						1		
DATO: 1994-12-22	SENDT TIL	Vsj.	Ass. vsj.	OG	HOL	NYB		Lab. ark.
VÅR REF.: KIK/HMO	EKSEMPLAR	1		1	1	1		3
Underskrift: <i>Kåre Ingolf Karlson</i>								

Etter nedfall av stein på fylkesveg 10/01 ved ca. km 7,0 i veke 30/94 har laboratoriet vurdert steinsprangfaren i området Saure, rundt Gjønaset og mot Muren. Området er vist på kart i vedlegg 1. Vurderinga vart gjort på ei synfaring den 28. oktober 1994 saman med vegmeister Johan Nybø.

Vegen går langs bratte fjellsider med bart fjell øvst og morene-/ur-masse ned mot vegen. Fjellet i dagen opp mot Saursegga og Gjønaset er markert oppsprukke med mykje lause steinar og blokker. Hellinga er så bratt at ein del av steinane/blokkene som lausnar oppe i fjellet, kjem heilt ned på vegen medan ein del stoppar i morene/ur eller i skogen som finst langs delar av strekninga. Faren for at stein kan kome heilt ned på vegen er til stades meir eller mindre på heile strekninga frå ca. km 6,5 til ca. km 9,5. Den mest aktuelle måten å sikre vegen er steinspranggjerde eller rasvoll. Nokre stader er det nok masse til bygging av rasvoll.

I følgje rapport om vegstenging som blir sendt vegkontoret etter mellom anna steinsprang, er det registrert 4 nedfall av blokker/stein frå 21. desember 1977 til oktober 1994 på denne strekninga. I same tidsrommet er det meldt inn eit snøras. Frekvensen av steinsprang/ras vil variere frå år til år avhengig av mellom anna værforholda. Over halvparten av hendingane som er meldt inn til vegkontoret, er lokalisert til Gjønaset. Det kan tyde på at problemet er størst i dette området.

Ut frå dei få hendingane som er meldt inn til vegkontoret, synest det for kostnadskrevjande å byggje steinspranggjerde/rasvoll langs heile strekninga for å sikre fylkesvegen. Det kan eventuelt vurderast nærare om området ved Gjønaset kan sikrast.

# VEDLEGG 1

